



Gol kommune, Gol barnehage



Informasjonsskriv ang. søknad om barnehageplass for barnehageåret 2020/2021


Søknadsfrist 1.mars 2020.

Frå og med barnehageopptaket 2020 (hovudopptak), gjeldande frå 15.august 2020, vil søknad om barnehageplass i Gol kommune gjerast via Visma Flyt Barnehage sin føresettportal. Dette gjelder om du søker for første gang, du søker endring av plasstype eller om du søker overføring til annen barnehage. Dette informasjonsskrivet vil gi deg informasjon om korleis du logger deg på føresettportalen, og korleis du i portalen legger inn søknad om barnehageplass.

Dersom du skal behalde barnehageplassen slik den er i dag, så trenger du ikkje søke/gjere noko.

På Gol kommune sin nettside vil det frå 8. februar ligge ein link

<https://barnehage.visma.no/Gol> direkte til Visma Flyt Barnehage sin føresettportal. Ved å klikke på denne linken, kommer du til innloggingssida i føresettportalen. Du logger deg inn med elektronisk ID via ID-porten.



I føresettportalen har du moglegheit til å velje enten bokmål, nynorsk eller engelsk som språk.

Søknad om barnehageplass består av fleire trinn, kor de må legge inn informasjon. Under andre opplysningar – i kommentarfeltet – kan de legge inn:

- 1) val av dagar, dersom de søker deltids plass (3 eller 4 dagar)
- 2) naturavdeling, dersom de søker Breidokk barnehage og barnet er født i 2017, 2016 eller 2015

Søknaden sendes elektronisk, direkte frå føresettportalen, til Visma Flyt Barnehage sin administrasjonsløyseing for kommunen sin opptaksmyndigheit. Når søknaden er sendt, vil du motta ei bekrefting på den e-postadressa du har oppgitt i søknaden.

Dersom du har behov for hjelp til å fylle ut søknad i føresettportalen, kan du ta kontakt med barnehageadministrasjon tlf.32029112 / Tenestetorget, tlf. 32029000.

Lykke til!

Med venleg helsing

Wenche E. Olsen

Avdelingsleiar Gol barnehage